



RÅD: Espen Gjerdet teikna og forklarte.

Aktivt ungdomsråd

SKJÅK: Ungdomsrådet i Skjåk fekk skryt da dei torsdag orienterte kommunestyret om arbeidet med den nye ungdomsklubben.

Lokala i bygget til Skjåk Energi er snart ferdige til å takast i bruk. Mangt er gjort. Noko står att. Går det som planlagt, kan det bli opning på forsommaren.

Ungdomane har planar om forskjellige aktivitetar. Det mest spesielle er at dei steller i stand eit rom der dei kan drive leksehjelp.

Ungdomsrådet kommenterte forslaget til kommuneplan, og kom med fleire positive kommentarar.

– Det er bra at døkk bryr døkk om dei unge, sa leiar

Nytt bustadhus

SKJÅK: Bertha Helene Sveen og Jarle Lien har søkt Skjåk kommune om å få omdisponere inntil to mål jord på bruket Svee.

Bakgrunn for søknaden er at dei i samband med generasjonsskifte vil føre opp nytt bustadhus. Eitt mål vil gå til tomt, og eitt mål til opparbeiding av veg.

Rådsmannen ser positivt på at unge tek over gardsbruk i Skjåk. Men han meiner at plasseringa av huset på omsøkt areal med tilhøyrande veg vil føre til driftsmessige ulemper og endring i kulturlandskapet.

Saka skal nå behandlast politisk.

Trafikkdag

OTTA: Elever og foreldre i 10.klasse ved Otta ungdomsskole skal tirsdag ha trafikksikkerhetsdag. Da kommer distriktsleder i Trygg Trafikk Oppland, Ivar Ringen, med opplegget «Ikke tøft å være død» som i løpet av våren har nådd nær 2300 tiendeklassinger.



TIDLEG UTE: Vågå har teke initiativ til lik praksis over heile landet, sa brannsjef Jostein Gårderløyken på orienteringsmøtet i fjor haust.

Foto: Ketil Sandviken

– Slett Ikkje lagt på is

Vågå kommune iverkset nye campingreglar frå sommaren.

Av Ketil Sandviken

VÅGÅ: – Ingen ting er lagt på is, nå er det opp til campingplass-eigarane å etterleva det nye regelverket med krav om åtte meters avstand mellom spikartelta, seier teknisk sjef Jostein Gårderløyken.

Rabalder i fjor haust

Det vart rabalder da GD i fjor haust meldte at Vågå kommune ville innskjerpe praksisen for plassering av campingvogner med tilbygg av tre, såkalla spikartelt. Vågå kommune fekk krass kritikk

for å handheve regelverket strengare enn andre, og for å vera først og best i klassen, men teknisk sjef avviste dette med å vise til krav som blir stilt i sentrale forskrifter i den nye plan- og bygningslova og brannvernlova.

For å roe gemytta, vart det kalla inn til orienteringsmøte og der forsikra kommuneleiinga at ingen ville bli fjerna og at det skulle skje ein smidig overgang.

Fortsatt stor frustrasjon

Men det er framleis stor frustrasjon blant campingplass-eigarane, og ikkje minst campingvogneigarane. GD har fått mange spørsmål i seinare tid, Gårderløyken seier at kommunen også har merka dette.

Han har rett nok inntrykk av at campingplass-eigarane er på gang med utarbeiding av nye kart for omplassering.

Det går rykter om at innføring av nye reglar er lagt på is, men Gårderløyken avkreftar dette.

– Vi reknar med at regelverket blir etterfylgd innan fellesferien og at andre campingkommuner innfører same praksis, seier Gårderløyken.

Det er frykt for brann, og konsekvensane av dette, som gjer at avstandskrava er innskjerpa.

Store konsekvensar

For enkelte campingplassar kan dette få store konsekvensar. Heimsand står i fare for å måtte

seia opp 25 av 100 leigetakarar, og omplassere resterande 75.

– Vi har enda ikkje bestemt oss for kva vi skal gjera, men det må vi snart, for nå tek det til å haste. Kommunen kan godkjenne tettare avstand enn åtte meter dersom det blir sett opp brannvegger, men det må kvar einskild koste sjølv, seier Kari Lund på Bessheim.

– Økonomisk har det lite å seia for oss, vi har meir enn nok areal til omplassering, seier Lund.

Norsk Caravan Club er ikkje innforstått med dei nye reglane, og meiner at halvparten, fire meters avstand er nok. NHO Reiseliv tok opp saka på eit drøftingsmøte og er klar på at det er åttometersregelen som må gjelde.



SESONGSTART: Yan Esclafert pumpa tidleg i gang sesongen.

Tidleg start på raftesesongen

SKJÅK: Yan Esclafert strålte om kapp med sola da han onsdag kunne setje dei aller fyrste båtane på elva.

Av Elias Sperstad

Dermed er raftesesongen i gang i Ottaelva. Og det er ein del tidlegare enn i fjor. I alle fall for Lom og Skjåk Adventure sin del. I fjor starta dei sesongen i mai. Ottaelva er nå perfekt for elvesport. Rett

nok er ikkje elva på sitt vakraste, der ho renn vårgul.

– Vi har fått ein tidleg og perfekt start på sesongen. Og det ser rett så bra ut med bestillingar framover. Slik det ser ut nå, får vi ein enda betre sesong i år enn i fjor. Vi har ikkje som mål å vekse fortast råd, men ta det skrittvis for å ha full kontroll på det vi driv på med, seier franskmannen, som har busett seg i Skjåk med sambu-

ar og barn på Storøya, som dei tok over for nokre år sia.

Rafteselskapet har også base på Ofossen Mølle der dei mellom anna driv møllebar.

Det var elevlar frå Nordfjord Folkehøgskule som var dei fyrste gjestene til Lom og Skjåk Adventure denne sesongen. Lærer Live Hyrve, opphavleg frå Skjåk kunne melde som eit glimrande opphald.